FYLKESMANNEN
I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Dagny Alvik
Telefon: 57643142
E-post: fmsfdal@fylkesmannen.no

Vår dato	Vår referanse
11.06.2015	2015/2122
Dykkar dato	Dykkar referanse

Nordfjord Bildemontering AS
Taklo
6770 NORDFJORDEID

Informasjon om kontrollen

Kontaktperson i verksemda: / tlf. / epost:	Frå miljøvernavdelinga hos Fylkesmannen:
Øystein Røed	**Dagny Alvik**

Desse hovudtema vart kontrollert:

- ☒ Internkontroll (ytre miljø)
- ☒ Miljørisikovurdering
- ☒ Utslepp til luft eller vatn
- ☒ Støy
- ☒ Løyvet med vilkår
- ☒ Forskriftskrav
- ☒ Miljøsanering av kasserte køyretøy
- ☒ Forsøpling og ureining til omgjevnader
- ☒ Fast dekke og oljeavskillar
- ☐ Avfallshandtering ordinært avfall
- ☒ Handtering av farleg avfall (merking, emballering, mellomlagring, levering)
- ☐ Handtering og bruk av kjemikaliar
- ☐ Datablad

Bakgrunn for kontrollen:

- ☐ Frekvensbasert inspeksjon
- ☐ Frekvensbasert revisjon
- ☒ Kontrollaksjon
- ☐ Ny verksemd (ikkje kontrollert før)
- ☐ Nytt løyve (ikkje kontrollert før)
- ☐ Oppfølging av eigenrapport
- ☐ Oppfølging av klage/hending/tips
- ☐ Oppfølging av siste kontroll
- ☐ Kartlegging
- ☐ Anna:

Hovudfunn frå kontrollen

Det vart påvist **3** avvik og gitt **1** merknad. Avvika er nærare omtalt frå side 3 i dette skrivet. Melding om retting av avvik må vere sendt til Fylkesmannen innan **17.08.2015.**

Rapporten vert vurdert som endeleg dersom vi ikkje får attendemelding om faktiske feil eller mistydingar innan 2 veker atter at rapporten er motteke.

Med helsing

Gøsta Hagenlund
ass. fylkesmiljøvernsjef

Dagny Alvik
senioringeniør

Dokument som vert sendt elektronisk er godkjent og signert elektronisk av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

1.Informasjon om verksemda

Namn på verksemda: **Nordfjord Bildemontering AS**	Organisasjonsnr. (bedriftsnr.): **982645042** Eigd av (foretaksnr.): **960190084**
Stad og kommune: Taklo, Eid kommune	Kontrolldato: **19.05.15**
Postadresse: **6770 Nordfjordeid**	Anleggsnr. (internt nr.): **1443.0033.01**
	☐ ISO 14001-sertifisert ☐ EMAS-registrert

2.Om kontroll frå ureiningstilsynet

Denne kontrollen er del av ein landsdekkande aksjon mot biloppsamlingsplassar som er gjennomført av alle fylkesmenn i samarbeid med Miljødirektoratet. Alle kontrollane i aksjonen er gjennomført i mai 2015.

Kontrollen ved Nordfjord Bildemontering AS vart gjennomført den 19.05.2015 for å granske om gjeldande krav fastsett i eller i medhald av ureiningslova vert haldne. I tillegg til ein rapport til den enkelte verksemda (dette dokumentet), vil Miljødirektoratet samle inn og summere opp resultata frå aksjonen.

Rapporten inneheld omtale av avvik og merknader innan dei granska områda av ureiningsregelverket der Fylkesmannen har tilsynsansvar. Vi vil gjere merksam på at ikkje *alle* sider av verksemda som kan ha noko å seie for ytre miljø vart granska ved kontrollen. Verksemda må sjølv aktivt utøve internkontroll, avdekkje feil og manglar og iverksetje nødvendige tiltak.

Definisjonar:

Avvik	Brot på krav som er fastsett i eller med heimel i helse-, miljø, og tryggleikslovgivinga. (Døme er brot på krav i ureiningslova eller produktkontrollova, forskrifter til lovene, utsleppsløyve, og verksemda sine eigne rutinar som er nødvendige for å stette styresmaktene sine krav.)
Merknad	Tilhøve som tilsynsetatane meiner det er nødvendig å peike på for å ivareta helse, miljø og tryggleik, og som ikkje vert omfatta av definisjonen for avvik. (Brot på eigne rutinar som inneheld strengare krav enn lovkrava, kan verte omtala som merknad.)

Vi gjer merksam på at ein kan finne oversikt over miljøloverket på www.lovdata.no eller vist til frå www.miljodirektoratet.no (sjå under *regelverk*). Dei viktigaste HMS-krava finn ein på nettstaden www.regelhjelp.no. Reglane om gebyrinnkrevjing finn ein under kap. 39 i ureiningsforskrifta.

3.Oppfølging etter kontrollen

Verksemda pliktar å rette opp avvika som er omtalt i rapporten så snart som råd. Verksemda må også gå nøye gjennom eventuelle merknader og vurdere kva for tiltak som er aktuelle og nødvendige for å tilfredsstille krav etter HMS-lovgjevnaden. Merknader kan gi grunnlag for pålegg.

For å kunne kontrollere at avvika er retta opp, ber vi om at verksemda skriftleg melder attende at tilhøve er kome i orden, og at ein gjer greie for dei gjennomførte tiltaka innan **17.08.2015**. evt. dato/ar for planar for gjennomføring. Innan same dato ber vi om at verksemda gjer greie for sine vurderingar og eventuelle utbetringar i tilknyting til våre

merknader. Fylkesmannen ventar at verksemda legg ved dokumentasjon på gjennomførte tiltak. Fysiske endringar bør dokumenterast med foto.

4. Gebyr for kontroll med verksemd med utsleppsløyve

Vi viser til varsel om plassering i risikoklasse 3 i inspeksjonsrapport etter førre tilsyn datert den 17.06.2013. Klassifiseringa vil ikkje ha noko å seie for behandling av ev. søknadar, men vil seie at gebyr for ein inspeksjon eller revisjon går fram av § 39-6 (kontroll som varer inntil ein dag) eller § 39-8 (systemrevisjon). Ein kan rekne med rutinemessig inspeksjon kvart 3. år i form av systemrevisjon eller dagsbesøk. I tillegg vil det kome inspeksjonar på grunn av hendingar, koordinerte aksjonsformar eller andre særskilde grunnar.

Vedtak om risikoklasse

På bakgrunn av type verksemd med lagring av store mengder bilvrak, farleg avfall, dekk mm., risikoen for utslepp, og plasseringa nær sjø, plasserer vi verksemda i **risikoklasse 3**.

Plasseringa av verksemda i risikoklasse 3 vil seie at verksemda etter gjeldande sats i § 39-6 i ureiningsforskrifta skal betale eit gebyr på kr. 12 200,- til staten for den gjennomførte kontrollen. Miljødirektoratet vil seinare sende ut faktura for innbetaling til statskassa.

Klagerett

Vedtaket om risikoklasse kan klagast på til Miljødirektoratet innan 3 veker etter melding om vedtak er kome fram. Ein eventuell klage skal oppgje nærare kva det vert klaga på og den eller dei endringane som ein ønskjer. Klagen bør grunngjevast, og skal sendes til Fylkesmannen.

5. Offentlegheit av rapport

Rapporten vil verte tilgjengeleg for innsyn via Fylkesmannen sitt elektroniske arkiv, jf. offentlegheitslova.

6. Avvik

Desse avvika vart påvist under kontrollen:

Avvik 1 **Utsleppskontroll med reinsa vatn frå oljeutskiljar er ikkje tilfredstillande** (avvik 4C)

Avvik frå: *Internkontrollforskrifta § 5, avfallsforskrifta § 4-7 vedlegg 1 og utsleppsløyve datert 17.06.2004*

Kommentarar:

Rutine for prøvetaking av utløp frå oljeutskiljaren er ikkje etablert

Verksemda har ikkje teke prøver av avløpsvatn som kan dokumentere om den fungerer som tenkt. Ved utslepp av oljehaldig avløpsvatn skal oljeinnhaldet ikkje overstige 50 mg/l.

Avvik 2 **Pressa bilvrak som lak olje stod på grusdekke**
(avvik 3A)

Avvik frå: *Utsleppsløyve datert 17.06.2004 og ureiningslova § 7*

Kommentarar:
Verksemda hadde 239 pressa bilar stabla på grusdekke etter siste pressing som vart gjort rundt påske. Det var tydelege spor av oljesøl i grunnen der som bilane var lagra. Viss det er avrenning frå ferdig pressa vrak må dei stå på fast dekke.

Avvik 2 **Verksemda har mangelfull internkontroll**
(avvik 6B og 7A)

Avvik frå: *Internkontrollforskrifta § 5*

Kommentarar:

Avviksbehandlingssystemet vert ikkje brukt for tilhøve som gjeld ytre miljø
Verksemda kunne vise til skjema for innmelding av avvik, men dette var ikkje i bruk. Det er viktig at det vert registrert avvik for å unngå at forhold gjentek seg.

Det er ikkje utarbeida ei skrifteleg miljørisikoanalyse for biloppsamlingsplassen
Når det gjeld ytre miljø har verksemda ikkje gjort ei kartlegging og risikovurdering av aktivitetar som kan føre til forureining. Verksemda må gjere ei vurdering på korleis deira aktivitet kan påverke det ytre miljø, og dette må dokumenterast skrifteleg. Døme på forhold som bør risikovurderast er om miljøsaneringa vert utført forsvarleg, om det er fare for ureining frå lagra bilar, verkar fast dekke og oljeutskiljar etter føremålet, vert farleg avfall handtert rett osv. Som følgje av risikovurderinga må det lagast ein handlingsplan med risikoreduserande tiltak. Det er viktig at ein set opp kven som er ansvarleg for tiltaka, og når det skal vere gjennomført.
Dette avviket vart også påpeikt ved førre tilsyn, og Fylkesmannen ser alvorleg på at dette enno ikkje er gjennomført.

7. Merknader

Denne merknaden vart påvist under kontrollen:

Merknad 1 **Stålplater over opninga som går til oljeutskiljar**

På det faste dekket der usanerte bilar står lagra og pressing blir gjennomført var det plassert stålplater over opninga som gjekk til oljeutskiljar. Det er viktig at evt oljelekkasje frå usanerte bilar kjem ned i oljeutskiljaren. Dette vart også kommentert ved førre tilsyn.

8. Andre forhold

Handtering av katalysatorar
Verksemda demonterer brukte katalysatorar frå bilvraka. Katalysatorane vert levert til NBF, som tek imot slikt avfall i Noreg.

Miljødirektoratet har i samband med biloppsamlingsaksjonen (men etter at tilsyna var gjennomført) avklart ansvar for klassifisering og krav til dokumentasjon ved levering av brukte katalysatorar. Vi vil i denne aksjonen bringe denne informasjonen om regelverket vidare, slik at verksemda kan innrette seg etter dette i framtida. Vi vil følgje opp praksis ved seinare tilsyn.

Farleg avfall eller ikkje
Brukte katalysatorar kan vere både ordinært og farleg avfall, avhengig av kva dei inneheld (sjå Miljødirektoratet sin rettleiar om handtering av farleg avfall frå 2004, side 20 og 21). Det er avfallsprodusenten sitt ansvar å avgjere om katalysatorar er farleg avfall eller ikkje, jamfør § 11-12. I "Kommentarer til avfallsforskriften" står det at "Virksomheter skal kjenne egenskapene til sitt eget avfall og om nødvendig oppsøke konsulent eller lignende for å få avfallet beskrevet." Sidan avfallet kan vere farleg avfall, skal det reknast som farleg inntil det motsette er vist. Verksemdene må etablere rutinar for å vurdere om katalysatorar er farleg avfall eller ikkje.

Dokumentasjon
For levering av katalysatorar som avfall må biloppsamlingsplassen ha ein av følgjande dokumentasjonar

- Dokumentasjon som viser at katalysatoren ikkje er farleg avfall (test av denne eller tilsvaranda (til dømes same modell), vurdering frå konsulent eller liknande)
- Deklarasjonsskjema
- Eksportdokumentasjon (notifikasjon og følgjedokument)